



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 14.12.2020 kl. 15:15 - 15.45

**Stad:** ASKVOLL (MØTET GJEKK FØRE SEG SOM TELEFONMØTE)

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Karen Anny Espedal	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Aud Kari Steinsland	Varamedlem
Ingvild Loffheim	Varamedlem
Knut-Magne Nesse	Varamedlem

---

### Forfall:

Terje Mork	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Saks handsamar
SR 2020/60		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2020/61		Godkjenning av protokollen frå soknerådsmøte 26.11.2020	RUNE ZIENER
SR 2020/62		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2020/63		Alternativ løysing for driftsbygning/servicebygg på Askvoll kyrkjegard	RUNE ZIENER

Askvoll, 14.12.2020

Rune Ziener  
referent

---

## **SR 2020/60 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **UTGREIING**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsorden som dei ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsorden som dei ligg føre.

---

## **SR 2020/61 Godkjenning av protokollen frå soknerådsmøte 26.11.2020**

### **UTGREIING**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 26.11.2020 som den ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 26.11.2020 som den ligg føre.

---

## **SR 2020/62 Skriv, meldingar og drøftingar**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2020/39 Kyrkjelydsutvalet i Askvoll: Møtereferat 25. november 2020.

M 2020/40 AKASIA: Askvoll kyrkje - tilstandsrapport 2020

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

---

## **FR 2020/63 Alternativ løysing for driftsbygning/servicebygg på Askvoll kyrkjegard**

### **UTGREIING**

#### *Bakgrunn*

I mange år har nyoppføring av driftsbygning/servicebygg på Askvoll kyrkjegard lege i Askvoll sokn/kommune sine økonomiplanar. Teikningar av planlagt bygg er daterte 2006, og er tenkt plassert på delar av arealet på den siste utvida delen av kyrkjegarden mot nord. Teikningar og byggeplanar er godkjente av Bjørgvin bispedømmeråd.

I 2019 fekk soknet investeringstilskot på kr 1,08 millionar til dette prosjektet frå Askvoll kommune. Soknet kom ikkje i gang med prosjektet som planlagt i 2019, og prosjektet vart vidareført til 2020.

I 2020 vart det klart at prosjektet på Vilnes kyrkje med brannsikring og nytt tilbygg ville verte dyrare enn tidlegare forutsett, og ein søkte kommunen om tilleggsfinansiering. Ein fekk ikkje gjennomslag for det, og søkte i staden om å omdisponere tilskotet til driftsbygning på Askvoll kyrkjegard for å finansiere prosjektet på Vilnes kyrkje. Investeringstilskot til ny driftsbygning til Askvoll kyrkjegard vart igjen lagt inn i budsjettsøknaden for 2021, men med oppjustering av prosjektkostnaden til kr 1,7 mill etter grovkalkyle frå byggfagleg kompetanse.

I samband med budsjettprosessen for 2021 er soknet førespurd av kommunen om leigde lokale i Telenor-bygget like ved kyrkjegarden kan vere eit alternativ til oppføring av nybygg.

Soknerådet sitt arbeidsutval var i november 2020, saman med kyrkjegardsarbeidar, på synfaring i Telenor-bygget og fekk sjå lokale ein eventuelt kan leige.

#### *Behovet*

Soknet har lenge hatt behov for eigna lokale knytta til kyrkjegardsdrifta i Askvoll. Dette gjeld både lagringsplass til maskinane våre (minilastar, plenetraktorar, grasklypparar, snøfresar, elektrisk trillebår m.v.). I dag har ein berre eit lite skur ved kyrkja som er fullt med ein plenetraktor inni. Elles har ein noko lagringskapasitet i bærerommet ved Holmedal kyrkje og i kjellaren i Stongfjorden kapell. Desse alternativa stettar ikkje behovet, og ein bør ha lagringsplass til maskinar etc. ved hovudkyrkjegarden.

Grunna manglande lagringsplass i Askvoll vert maskinar nokre gongar ståande utandørs, noko som fører til auka forringing.

Ein har heller ikkje noko eigna pauserom/omkledningsrom ved Askvoll kyrkjegard for kyrkjegardsarbeidarane. Dette fører til at dei fysiske arbeidsmiljøtilhøva ikkje er tilfredsstillande.

#### *Vurdering*

Det ideelle for soknet vil vere eit eige bygg inne på kyrkjegarden, slik det ligg i vedtekne planar.

Imidlertid kan ei løysing med alternative lokale i nær tilknytning til kyrkjegarden vere eit fungerande alternativ.

Under synfaringa i november i Telenor-bygget var det litt uvisst kva garasjelokale soknet eventuelte kunne få leige. Garasjelokala vi såg på syntest tilfredsstillande, men det vil og kunne vere aktuelt med nybygde garasjar i eksisterande bygningsmasse. Pauserom/garderobefasilitetar syntest tilfredsstillande. Vi fekk og forståinga av at lokale kunne stillast til disposisjon raskt (ved årsskiftet).

Lokala som sådan syntest alt i alt å kunne dekke soknet sine behov for eit servicebygg, dersom garasjelokala ein får er tilfredsstillande. Ein merknad til lokaliseringa i Telenor-bygget er at ein må sikre at ei sone framfor garasjen er fri for bilar, slik at det raskt og enkelt kan sikrast tilkomst for bil med hengar. Under synfaringa var det svært trongt framfor garasjeportane og mange bilar på parkeringsareala.

For soknet er det etter kyrkjeverja si vurdering to avgjerande forhold til vurdering:

1) Ein treng lokale raskast mogleg, både av omsyn til lagringsplass for maskinparken og å sikre eit fullt tilfredsstillande fysisk arbeidsmiljø for kyrkjegardsarbeidarane.

2) Ein treng økonomisk forutsigbarheit mtp. drifta framover.

#### *Økonomiske vurderingar*

Det ligg ein vesentleg skilnad mtp. økonomi for soknet om ein går for ei løysing med leige framfor å byggje nytt.

Med eit nybygg vil ein nytte kommunalt investeringstilskot til å få på plass eit bygg tilpassa soknet sine behov, utan at dette vil føre til vesentlege endringar kva gjeld driftsutgifter før vedlikehaldsbehov oppstår.

Med ein leigeavtale vil det sjølvsagt påløpe auka årlege driftsutgifter, anslagsvis kr 50.000,- pr. år.

Om ein landar på ei løysing med leigeavtale, må soknet stille som føresetnad at dette fullt ut vert kompensert gjennom auka kommunalt driftstilskot.

Askvoll sokneråd har også innmeldt nye investeringsbehov frå 2021, og om Askvoll kommune kan utsetje investeringa med nytt servicebygg til seinare, vil det kunne vere rom for å framskande andre investeringsprosjekt.

#### *Konklusjon*

Soknet bør primært få oppført eit nybygg på Askvoll kyrkjegard for å sikre lagerplass for maskinparken og opphaldsrom/garderobefasilitetar for kyrkjegardsarbeidarane.

Etter synfaring i Telenor-bygget synest det som at å leige lokale der kan stette soknet sine behov, om ein får tilbod om tilfredsstillande garasjeplass.

Det er avgjerande for soknet at ein får til ei snarleg løysing, og såleis synes leige av lokale i Telenor-bygget som ei tilfredsstillande mellombels løysing i påvente av oppføring av nybygg, t.d. i ein 5-årsperiode.

Ved ein eventuell leigeavtale, vil soknet ha behov for å få kompensert fullt ut for auka driftsutgifter med auke i driftstilskotet frå kommunen.

Askvoll kommune bør kunne sjå dette prosjektet i samanheng med andre investeringsbehov og ved utsetjing av dette, bør andre prosjekt for soknet prioriterast (t.d. handicaptilkomst til koret i Askvoll kyrkje og utskifting av røromnane i Vilnes kyrkje).

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd ønskjer primært å få oppført driftsbygning/servicebygg på Askvoll kyrkjegard, jfr. tidlegare vedtak og planar, og opprettheld i utgangspunktet tidlegare budsjettforslag som er oversendt Askvoll kommune.
2. Som ei mellombels løysing (neste 5 åra), som kan støtte soknet sine behov, ser ein seg tent med å kunne nytte leigde lokale i Telenor-bygget ved kyrkjegarden.
3. Ein forutset då at utgifter til husleige fullt ut vert kompensert ved auke i kommunalt driftstilskot.
4. Med ei slik mellombels løysing ber ein om framskynding av tilskot til andre innmeldte investeringsbehov i samsvar med soknerådet sin vedtekne økonomiplan.
5. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å inngå leigeavtale med huseigar.

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd ønskjer primært å få oppført driftsbygning/servicebygg på Askvoll kyrkjegard, jfr. tidlegare vedtak og planar, og opprettheld i utgangspunktet tidlegare budsjettforslag som er oversendt Askvoll kommune.
2. Som ei mellombels løysing (neste 5 åra), som kan støtte soknet sine behov, ser ein seg tent med å kunne nytte leigde lokale i Telenor-bygget ved kyrkjegarden.
3. Ein forutset då at utgifter til husleige fullt ut vert kompensert ved auke i kommunalt driftstilskot.
4. Med ei slik mellombels løysing ber ein om framskynding av tilskot til andre innmeldte investeringsbehov i samsvar med soknerådet sin vedtekne økonomiplan.
5. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å inngå leigeavtale med huseigar.